



Elektrovakuum As
Postboks 1058
1787 HALDEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4814 - 23/75012

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
27.09.2023

Ferdigattest skilt - gbnr 322/266 Mjåtveit

Administrativt vedtak: Saknr: 1002/23
Tiltakshavar: Frekhaug Byggsenter As
Ansvarleg søkjar: Elektrovakuum As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK

**Det vert gjeve ferdigattest for skilt på gbnr 322/66.
Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.**

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, vedtak i saka datert 24.06.2022 og klage behandla i Utvalt for areal, plan og miljø 30.08.2023, jf. sak 109/23.

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.09.2023.

Skildring

Adresse:	Rosslandsvegen 368
Bygningstiltak:	Skilt

GENERELL INFORMASJON

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/4814

Med vennleg helsing
Alver kommune

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Elektrovakuum As
Frekhaug Byggsenter As

Postboks 1058 1787
Rosslandsvegen 5918
368

HALDEN
FREKHAUG